

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 30. august 2019 12:05
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 29/2019, 30. AUGUST

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 29/2019, 30. AUGUST

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

KJÆRLEIKSKAFE OG TANKEVIRUS PÅ HØGSKULEN I VOLDA

Hausten 2019 vil nye og gamle studentar på HVO få tilbod om ei rekkje sosiale og lærerike møteplassar. Først ute er kjærleikskafe tysdag 3. september og seinare kjem meistringskurset Tankevirus og ei rekkje andre arrangement. Arrangementa er i samarbeid mellom Studentparlamentet, Studentsamskipnaden og studenthumanisten og er ei oppfølging av den nasjonale undersøkinga SHOT (Studentanes helse- og trivselsundersøking). Les meir om arrangementa her:

<https://www.hivolda.no/nyhende/pa-rett-kurs-med-studentane>

ALLE MØTTE PÅ GLU 1-7 OG 5-10: 100 % OPPMØTE BLANT FRAMTIDIGE GRUNNSKULELÆRARAR

Det verkar å vere svært godt motiverte studentar på dei to grunnskulelærerutdanningane ved Høgskulen i Volda.

Opptellinga etter studiestart syner at både på GLU 1-7 og på GLU 5-10 har alle som tok i mot studieplass faktisk også møtt opp til studiet.

SØKER OM AKKREDITERING AV MASTER I BARNEHAGELÆRARUTDANNING

Høgskulen i Volda ønskjer å starte master i barnehagelærerutdanning og har no sendt inn søknad om akkreditering til kvalitetsorganet NOKUT. Dei fleste institusjonar som driv med barnehagelærerutdanning har også masterutdanning på området, og i 2020 kan det også kome i Volda. Stadig fleire barnehagar stiller krav om at leiarar bør ha mastergrad.

STRUKTURPROSESSEN: NTNU VIL IKKJE OVERTA HØGSKOLEN I MOLDE

NTNU ønskjer ikkje å arbeide for fusjon med Høgskolen i Molde. Det går fram av eit brev som NTNU har sendt til Høgskolen i Molde, og som vart lagt fram for høgskulestyret onsdag 28. august.

Omtale i Panorama (HiMolde): <https://panorama.himolde.no/2019/08/28/ntnu-onsker-ikke-samarbeidsavtale-med-himolde/?fbclid=IwAR0xvOmhwuZrmbu6pH5MYWaiZ5eTsSrv7H6p1Wi1NLZYrMmrFPB0ZbFOYA>

Omtale i Khrono: <https://khrono.no/fusjon-hogskolen-i-molde-kunnskapsdepartementet/ntnu-onsker-ikke-samarbeid-med-hogskolen-i-molde/401515>

Omtale i Universitetsavisa (NTNU): <https://www.universitetsavisa.no/nyheter/2019/08/28/NTNU-%C3%B8nsker-ikke-samarbeidsavtale-med-HiMolde-19803132.ece>

VIL ENDRE NAMN PÅ STRATEGISK STUDIENEMND

Strategisk studienemnd hadde møte onsdag 28. august og drøfta blant anna framtida til utvalet. Utvalet gjekk samrøystes inn for at studienemnda skiftar namn til "Utdanningsutvalet". Det vart også samrøystes vedtatt å få med fire faglege representantar, ein frå kvar avdeling, i tillegg til dei fire dekanane som i dag sit i utvalet. Det er styret som gjer endeleg vedtak i saka. Her er sakspapira frå møtet i strategisk studienemnd:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/275072>

UTDANNINGSKVALITET (1): INGEN FRAMLEGG TIL PRISVINNAR

Då fristen gjekk ut hadde det ikkje kome nokon framlegg til vinnar av høgskulens interne pris for kvalitet i utdanninga.

Statuttar for prisen: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/kvalitetsarbeid-ved-hogskulen-volda/pris-kvalitet-utdanninga-statuttar>

UTDANNINGSKVALITET (2): UTLYSING AV NASJONAL PRIS FOR UTDANNINGSKVALITET FOR 2019 OG 2020

Kvalitetsorganet DIKU har utlyst den årlege prisen for kvalitet i utdanninga for 2019 og 2020. Frist for å kome med framlegg er 18.10.2019 for året 2019 og 31.1.2020 for året 2020. Institusjonar som vinn prisen får 1 million kroner. Meir informasjon på DIKUs nettsider: <https://diku.no/programmer/utdanningskvalitetsprisen-for-hoeyere-utdanning>

ISELIN NYBØ KJEM TIL STYREMØTE PÅ HVO

Iselin Nybø kjem til Høgskulen i Volda for tredje gong på eit år når ho fredag 25. oktober vil møte det nye høgskulestyret. Møtet skal haldast i Fosnavåg. Høgskulestyrets nettsider: <https://www.hivolda.no/om/hogskulestyret>

SAMARBEID MED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET, SENTER FOR OMSORGSFORSKING

Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) har inngått ein samarbeidsavtale med Senter for omsorgsforskning, vest på Høgskulen på Vestlandet (HVL). Avtalen gjeld ut 2020. I første omgang skal HVO bidra med kompetanse i statistisk metode, og det er særleg førsteamanuensis Bjarte Folkestad som vil vere aktiv i samarbeidet, men avtalen gir grunnlag for utvida samarbeid framover.

Nettsida til senteret: <http://www.hib.no/om-hogskolen/senter-for-omsorgsforskning/>

TINGING AV UNDERVISNINGSROM: 55 PROSENT UTNYTTING AV UNDERVISNINGSROMA HAUSTEN 2019

Statistikken frå Timeedit-systemet syner at for hausten 2019 vert felles undervisningsrom nytta i ca 55 prosent av den tilgjengelege tida mellom 09.15 og 15.00. Det har vore stort press på å få undervisningsrom dei to første vekene av semesteret og i veke 39 og 40. Dei siste åra verkar det som at rom med flate golv vert stadig meir etterspurde, medan auditorium har vorte mindre populært. Ein annan trend er at undervisarane tingar fleire rom samtidig for å kunne dele opp studentgruppa. Det er mest ledig tid på torsdagar og fredagar - og i tida kl 13-15 på måndag-onsdag. Det kan vere lurt å vite om når neste semester skal planleggast.

Avdelingane vil om kort tid bli inviterte til langtidsplanlegging av bruken av undervisningsroma med tanke på Seanse, utdanningsdagane, karrieredagane, samlingsbaserte studium og andre aktivitetar.

STUDIESTART KOMANDE ÅR: TIDLEG ELLER SEINT?

Leiinga ønskjer ei vurdering av kva veke det er fornuftig å starte studieåret på dei komande åra. Hausten 2019 var det studiestart tysdag i veke 34. Åra før var det vore studiestart i veke 33. Det kan vere argument både for tidleg og sein studiestart: Sein studiestart gjer det lettare å gjennomføre ferie og gir litt ekstra tid til planlegging av semesteret. På den andre sida blir det ei veke kortare haustsemester. Dessutan har mykje av planlegginga vorte flytta fram i tid. Det gjeld blant anna frist for pensumlistar og tinging av undervisningsrom. Hausten 2019 var Høgskulen i Volda seint ute med studiestart samanlikna med andre høgskular og universitet, går det fram av eit oversyn i nettavisa Khrono:

<https://khrono.no/nye-studenter-semesterstart-studiestart/studiestart-103531-studenter-har-fatt-tilbud-om-plass-men-det-er-bare-planlagt-58741-studieplasser/296052>

PÅMINNING: KOM MED FRAMLEGG TIL NYE TEMA FOR DOKTORGRADSPROSJEKT

Forskningsutvalet har bede avdelingane (dekanane) om å kome med framlegg til aktuelle tema for utlysing av fire doktorgradsstipend. Fristen for å kome med tilbagemelding er 1. september, og saka blir teken opp på første møte i forskningsutvalet seinare i september.

PÅMINNING: FORSKINGSGRUPPER BLIR INVITERTE TIL Å SØKE OM SÅKORNMIDLAR: FRISTEN ER 30. AUGUST

Forskningsadministrasjonen har invitert forskingsgrupper og forskingsmiljø til å søke om «såkorndmidlar», altså midlar som til dømes å arbeide med søknader om eksterne prosjekt. Det er i alt kr 450.000 tilgjengeleg og søknader bør vere på kr 75.000 eller meir. Søknadsfristen er 30. august og det er Forskningsutvalet som tildeler midlane.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

12.9.2019: Styremøte 5/2019

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte 6/2019

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>